



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

2 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Nord-Trøndelag

Nord-Trøndelag fylkeskommune og den regionale partnerskapen skal styrke si rolle som rettleiar, koordinator og støttespelar for kommunane sitt arbeid med attraktive lokalsamfunn.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Nord-Trøndelag skal:

- Gjennomføre studiet "Kommunal samfunnsplanlegging i Nord-Trøndelag. Stø opp under kommunane som lokal samfunnsutviklar, saman med den regionale partnerskapen, knytt til utvalde temaområde.
- Sette saman eit kontaktteam som skal stå til disposisjon for kommunane i blant anna planarbeid.
- Utvikle interkommunalt plansamarbeid.
- Samordne og drive trainee-program for å skaffe kompetent arbeidskraft til kommunar og lokalt næringsliv.
- Samordne statistikk retta mot kommunane gjennom ein statistikkportal.
- Arrangere temadagar, dialog og kompetansedeling med kommunane for lokal utvikling i samhandling med regionane og kommunane.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00